

Strålende rebusdag!!

01.05.2012



Vinnarane: Anbjørn(f.v.), Margunn, Emilie og Pål Ingmar. Ingar var ikkje til stades då biletet vart tatt.

**Det tradisjonelle rebusløpet som idrettslaget arrangerte i dag, vart ein komplett fulltreffar. Sjølv arrangementet vart rutinert og godt avvikla, og det strålende veret utgjorde prikken over i'en. Deltakarar i alle aldersgrupper storkosa seg. Det var ei flott form for helgetrim; - rett og slett gøy!!**



Start og innkomst var som alle tidlegare år, på Heio. Løypa med innlagte postar var og den same; - rundt dalen. Flesteparten valde sykkelen som framkomstmiddel, men det var og nokre som brukte rulleski, rulleskøyter, barnevogn og rett og slett beina for å nemna noko.

Forskjellige framkomstmiddel vart brukt:  
Ingebjørg, Veslemøy og Solveig.

Spørsmåla på dei innlagte postane var tilpassa deltakargruppa; - overkommelege i vanskegrad og med god variasjon i tema. Her var spørsmål i tilknytning til Dyreparken, artistnamn, skulekorpsprogram på NRKSuper, Rødtunet og mykje meir.

Etter innkomst kunne alle kose seg i finveret med godsaker frå kiosken. Her



Linnea Njåstad Rød kosa seg på rebusløp saman med mamma, pappa og Theo.

var alt som skal vera i ein kiosk på eit slikt familiearrangement: pølser og brus, kaffi og kaker. Alt i rikelege mengder. Til og med Selma sine svært så populære melkekaker var på plass.

Odd Steinar Arnesen stod for premieutdelinga. Han sa det så fint: - Eg synst oppgåvene var vanskelege, men jammen var det mange som fekk alle rett. Dermed vart vinnarane trekt ut. Pål Ingmar Haugland og Emilie Bringedal vart ropt opp som vinnarar av henholdsvis 3.- og 2.-plass før familien Ingar Eik Høivik, Margunn Eik og Anbjørn Høivik vart utropt til vinnarar av førsteplassen.

Åshild Haukanes i arrangementstabben kunne fortelja at dei var godt fornøgd med deltakinga og arrangementet. Deltakartalet var om lag som i fjor. 25 lag var med, og det skulle bety at godt over hundre var i aktivitet rundt dalen denne vakre 1.mai-dagen.

Eit poeng er det og at mange tilflyttarar var aktive i arrangementetsgruppa. Det har eg lagt merke til også i andre samanhengar der aktiviteten går godt. Uskedalen er heldige som får så mange positive tilflyttarar!!

Av: Thor Inge Døssland.



Sosialt og kjekt på rebusløp. Her ved ein post på Kjærland.